

Vedtekter for barnehagane i Suldal kommune

Vedtatt Levekår 4.6.2018

Tiltak som blir regulerte etter barnehagelova, blir lagt til levekårsutvalet etter delegasjonsreglement C2 pkt.1.

Desse vedtektene kan endrast av levekårsutvalet og/eller kommunestyret.

1. Eigarforhold og forvaltning

Barnehagane i Suldal kommune blir eigd og drive av Suldal kommune. Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskrifter og retningslinjer fastsatt av Kunnskapsdepartementet, samt av lokale vedtak og planar for den enkelte barnehage.

2. Formål og innhald

Barnehagens formål er i henhold til barnehagelova § 1.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

Barnehagen skal vera ein pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagar gir retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

3. Barna og foreldre/føresette sin medverknad

For å sikra samarbeidet med barna sin heim skal kvar barnehage ha eit foreldreråd (FAU) og eit samarbeidsutval (SU). Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd. Synspunkta til barnet skal til-leggjast vekt i samsvar med barnet sin alder og modnad.

3.1 Foreldreråd (FAU)

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal bli informert om, og har rett til å uttala seg i saker

som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Ved avstemming i foreldrerådet, vil det bli gitt ein stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

3.2 Samarbeidsutval (SU)

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Samarbeidsutvalet skal bli informert om saker som er viktige for barnehagen sitt innhald og verksemd, og for forholdet til foreldra.

4. Personale og bemanning

Barnehagen skal ha ein forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Barnehagen skal ha ein einingsleiar som har utdanning som barnehagelærer eller annan høgskuleutdanning som gir barnehagefagleg og pedagogisk kompetanse. Suldal kommune kan gi dispensasjon frå utdanningskravet.

Det skal vera minimum 1 pedagog per 7 barn under 3 år og 1 pedagog per 14 barn over 3 år. Eit barn til løyser ut krav om ein ny fulltidsstilling som pedagog. Barnet blir rekna som 3 år frå 1. august det året barnet blir 3 år. Jf. Forskrift om pedagogisk bemanning.

5. Øvingsopplæring

Eigar pliktar å stilla barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring for studentar som tar barnehagelæruddanning jf. Barnehagelova §24.

6. Teieplikt og opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i forhold til Forvaltningslova §§13 til 13f

Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta slik det står i barnehagelova §§21 og 22.

7. Politiattest

Alle som skal arbeida i barnehage må leggja fram tilfredstillande politiattest.

8. Areal

Suldal kommune skal følgja barnehagelovas rettleiande arealnorm for leike- og opphaldsareal inne som er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år, og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år.

Utearealet i barnehagen bør vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

9. Helse og hygieniske forhold

Før eit barn startar i barnehagen skal det leggjast fram erklæring om barnet sin helse, jf. barnehagelova §23. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjonen kan ei slik erklæring bli gitt av barnet sine føresette.

10. Internkontroll

Barnehagen følgjer forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular, samt forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta).

11. Samordna opptak

Barnehageåret blir rekna frå skulestart til skulestart.

Opptaksmynde ligg hjå einingsleiar.

Alle barnehagane samarbeider om opptaket i samsvar med barnehagelova §12.

11.1 Hovudopptak

Ved søknad om plass i barnehage skal ein nytta digital søknad i oppvekstportalen på Suldal kommune sine nettsider.

Søknadsfrist for hovudopptaka er 1. mars for start ved nytt barnehage-år og 1. september for start i januar.

Dei som søker innan fristen vil få tilbod om plass i den barnehagen ein søker som første ønske.

Barnehageopptaket gjeld fortrinnsvis barn busett i Suldal kommune. Opptakskrinsane for barnehagane er dei same som for skulane.

Av pedagogiske og sosiale omsyn skal ein ved opptak sjå til at barnegruppene har ei rimeleg samansetjing når det gjeld alder, kjønn og barn med/utan særlege vanskar.

I Sand barnehage blir barn så langt det lar seg gjera prioritert i det huset (avdeling Joagarden eller avdeling Randåsen) dei eventuelt har søsken i.

11.2 Overflyttingsopptak

Overflyttingsopptaket gjeld for dei barna som allereie har ein plass i barnehage i Suldal kommune, men som ønskjer overflytting til ein annan barnehage. Det er dei same reglane som ved hovudopptak gjeld og her.

11.3 Suppleringsopptak

Dei som søker etter fristen vil få tilbud om plass i næraste barnehage med ledig kapasitet, dersom det er fullt i den barnehagen ein søker som første ønske. Ved tildeling av plass har søkerarar som ikkje har fått tildelt sitt første ønskje rett til å bli satt på venteliste til denne barnehagen.

Dersom det blir venteliste ved suppleringsopptak skal ein i prioritert rekkefølge ta omsyn til:

1. Barn med rett til plass etter barnehagelova §13

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritert opptak ved barnehage. Det skal takast ein sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§4-12 og 4-4 anna ledd, har rett til prioritet ved opptak til barnehage.

2. Barn med rett til plass etter barnehagelova §12 a

Barn som fyll 1 år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august.

Barn som fyll 1 år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyll 1 år.

Søknadsfristen er 1. mars. Det er ein føresetnad for å få plass at barnet er busett i Suldal kommune. Tilflyttarar til kommunen må vera busett i Suldal seinast i august (evt. seinast den månaden barnet fyll 1 år) i opptaksåret for å ha rett til plass i hovudopptaket i mars.

3. Barn av kommunalt tilsette som flyttar til kommunen og kjem inn under rådmannen si prioriteringsliste av yrkesgrupper som er utfordrande å rekruttera vil rykke fram i venteliste, dersom det er kø.

4. Vidare skal ein i uprioritert rekkefølge ta omsyn til

- Barn som har einsleg forsytar
- Barn frå heimar med særlege vanskar, t.d. sjukdom i heimen, vanskelege bustadtilhøve eller andre problem.
- Barn frå heimar som ligg slik til at det er særleg stor trafikkfare, lite høve til leik med andre barn, eller andre tilhøve i miljøet som gjer at eit barn har særleg trong for opphald i barnehage.
- Barn som høyrer til opptakskrinsen.
- Dersom fleire søkerarar står likt, får det eldste barnet plass først.

12. Opptaksperiode

Nye barn får tilbod om barnehageplass frå nytt barnehage-år (medio august) eller nytt kalenderår (2. januar), og betalar for plassen frå då sjølv om ein vel å ikkje nytta plassen før seinare. Dette gjeld ikkje 1-åringar med rett på plass (ref. punkt 11.3).

Barnehageplass blir tildelt fram til medio august det året barnet startar på skulen.

13. Endring av opphaldstid

Føresette kan søkja om endring av opphaldstida 2 gonger per år. Frist for søknad om endring av opphaldstid er som ved hovudopptaka 1. mars (start nytt barnehage-år) og 1. september (start nytt kalenderår).

Dersom ein søkjer om endring utanom hovudopptaka tas ønska omsyn til, men kan ikkje alltid innfriast.

14. Permisjon

Suldal kommune gir ikkje permisjon frå barnehageplass.

15. Oppseiing

Plassen kan seiast opp digitalt i oppvekstportalen på Suldal kommune sine nettsider. Ved oppseiing seier ein opp heile plassen. Delvis oppseiing blir betrakta som ønske om endring av plass.

Frist for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad. (Døme: Barnet sluttar 1. september, frist for oppseiing er 31.juli).

Rådmannen kan sei opp barnehageplass ved:

- Manglande foreldrebetaling for plassen
- Barnehagen blir lagt ned. Borna vil då etter søknad få tilbod om plass i ein annan barnehage

16. Opphald

Mynde til å gi dispensasjon frå det ordinære opphaldstilbodet er delegert rådmannen.

16.1 Plasstilbod:

Suldal kommune gir tilbod om slike plassar:

- 3 dagar i veka
- 4 dagar i veka
- 5 dagar i veka

Dersom det er ledig kapasitet i barnehagen kan ein kjøpa einskilddagar. Barnet må då ha plass i barnehagen. Søknad kan skje munnleg til styrar. Prisen på einskilddagar blir fastsatt av kommunestyret.

Kommunen sine betalingsatsar gjeld for heile dagar (9,5 timar).

16.2 Opningstid

Utgangspunktet for barnehagane er at opningstida er frå kl. 7.00 – kl. 16.30. Men denne kan variera frå barnehage til barnehage.

Ved behov grunna turnusarbeid kan føresette søkja om utvida opningstid. Ein kan då få tilbod i barnehagen 15 minutt før (06.45) eller 15 minutt etter (16.45). Turnus til begge føresette må i dette tilfellet leggjast fram. Det ligg til grunn at det likevel er 9,5 timar som er tilbodet også denne dagen.

I barnehagar med færre enn 10 snittplassar kan styrar etter drøfting med samarbeidsutvalet koma fram til redusert normalopningstid.

Informasjon om opningstida skal gis på den enkelte barnehage sin heimeside.

Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året, på desse dagane er barnehagane stengde. Informasjon om kva dagar barnehagen skal ha stengt skal føresette få beskjed om innan nytt barnehage-år.

Barnehagane stengjer kl. 12.00 julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

16.3 Ferie

Barna skal ha 4 veker ferie kvart barnehage-år. Av desse må minst 3 veker vera samanhengande i løpet av sommaren.

Føresette leverer melding om barnet sin ferie seinast innan 20. april.

Ved ferieavvikling i barnehagen sin sommarferie kan barnehagen vurdera å halda stengt dersom det er veker med færre enn 5 plassar. Foreldra skal få informasjon om kva veker dette gjeld seinast 1. mai.

Barnehagen kan og vurdera om det er mest hensiktsmessig å stenga faste veker i sommarferien, dersom ein tradisjonelt sett ser at det pleier å vera veker med færre enn 5 plassar. Foreldra skal få informasjon om kva veker dette gjeld seinast 1. februar.

17. Foreldrebetaling

Stortinget fastset kvart år maksimalpris per måned og per år for plass i barnehage. Prisen gjeld for eit heildags ordinært tilbod. I samband med den årlege budsjettbehandlinga fastset kommunestyret satsar for foreldrebetalinga. Kommunekassen står for innkrevjing av foreldrebetaling.

Maksimalprisen blir fordelt på elleve månader, der juli er betalingsfri.

Betaling for kost (matpengar) kjem i tillegg.

17.1 Søskenmoderasjon

Søskenmoderasjon er 30 prosent for barn nummer to og 50 prosent frå og med barn nummer tre. Søskenmoderasjon blir gitt på den rimeligaste plassen. Søskenmoderasjonen omfattar søsken som bur fast i lag. Barn anses for å vera fast busett på den adressa der dei er registrert i folkeregisteret.

Der foreldra har avtalt delt bustad for barnet, skal barnet anses for å vera fast busett begge stader/med begge foreldra. Det må då leverast dokumentasjon om samværsavtale (minimum 40 prosent).

17.2 Redusert foreldrebetaling på økonomisk grunnlag og gratis kjernetid

Suldal kommune behandlar søknadar om redusert foreldrebetaling etter dei nasjonale reglane for inntektsgradert foreldrebetaling.

Ein kan søkja om redusert betaling for barn i barnehage når familien sin samla inntekt er under det beløpet som er beslutta nasjonalt.

For barn frå 3-5 år kan ein og søkja om 20 timars gratis kjernetid når barnet bur i eit hushald med låg årsinntekt, etter beløp som er beslutta nasjonalt. Når ein søker om redusert foreldrebetaling vil søknaden og gjelda gratis kjernetid.

Det blir ikkje gitt reduksjon i foreldrebetalinga med tilbakeverkande kraft, men frå og med første heile månad etter at søknaden med dokumentasjon er mottatt av Suldal kommune.

Alle skattepliktige inntekter skal oppgjevast, det gjeld og skatteinntekter som ikkje er førehandsutfylt på skattemeldinga.

18. Spesialpedagogisk hjelp

Barn under skulepliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har behov for det, jf. barnehagelova §19.

Før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp skal det tas ein sakkunnig vurdering av om barnet har behov for slik hjelp.

19. Målform

Nynorsk målform skal, så langt det er naturleg, nyttast i songar og litteratur i barnehagane.